

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

referatet er godkjent

Dato: torsdag 12. november 2020

Stad: Nettmøte via Teams

Møtte:

Frå gruppe A: Lene M. Johannessen (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Benedikte Mosby Irgens (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Guowen Shang (kinesisk), Brita Lotsberg Bryn (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk) og Åse Johnsen (instituttleiar).

Frå gruppe B: ingen.

Frå gruppe C: Gita Rongevær.

Frå gruppe D: Robin Eriksen, Othilie Langholm, Clara Debus, Aleksander Tenvik Bergli, Oda Westad.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær for rådet.

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – Godkjenning av referatet frå rådsmøtet 20. mai 2020

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – Orienteringssaker

- A) Instituttleiar orienterte om gode søkjartal på dei nye fjernvariantane av 100-nivåtilbodet på fransk, spansk og tysk.
- B) Status for utlysingar og tilsetjingar ved IF hausten 2020: ny førsteamanuensis i kinesisk (Huiwen Zhang, litteraturforskar) tek til i stillinga i desember, ny stilling i japansk skal tilsetjast i fakultetsstyret i desember og to faste lektorstillinger til Kfk-tilbodet på blir lyste ut med det første. Instituttet har òg lyst ut ei vikarstilling på tysk (for DAAD-lektoratet våren 2021).
- C) Fakultetet vedtok i styremøtet i oktober å gjera om på fordelingsnøkkelen for stipendiatar mellom institutta. Fakultetet har trekt inn fleire stipendiatstillinger som blir disponerte og delet ut frå fakultetet sentralt (hadde to slike stillingar, får åtte frå no av). I tillegg blir sjølve fordelingsnøkkelen endra. IF misser til saman tre stipendiatheimlar, og får ein reduksjon av den faste kvoten frå femten til tolv. Dermed kan det gå ei stund til instituttet får lysa ut nye stipendiatstillinger.

Sak 4 – Bemanningsplanen for vitskaplege stillingar ved fakultetet

Instituttleiar orienterte om revisjonen av bemanningsplanen for vitskaplege stillingar ved fakultetet. Planen gjeld for perioden 2020-2024, og det blir gjort mindre revisjonar i samband med den årlege budsjett-drøftinga ved fakultetet. Instituttet vårt ligg tydeleg under gjennomsnittet for studiepoeng per tilsett ved fakultetet, og dette er ein hemsko i kampen for stillingar til faga våre. Vi får dessverre ikkje særleg gjennomslag for argumentet vårt om at språkfaga, særleg dei fjerne framandspråka, er ekstra undervisningsintensive. Det skjer neppe nemneverdige omprioriteringar i bemanningsplanen denne hausten sidan det blir valt nytt dekanat til våren. Kanskje er det éi ledig stilling til fordeling ved fakultetet i denne handsaminga av planen, og det er ingen signal om nye stillingar til IF i denne omgangen. Ser vi dei seinare åra under eitt, har likevel instituttet fått gjennomslag for eit par fag:

Japansk er bygd opp til 3 faste stillingar (delvis gjennom såkalla brufinansiering), og kinesisk er i ferd med å få 3.5 faste stillingar (inkludert brufinansiering og kompensasjon for bortfallet av Konfutse-instituttet). Revidert versjon av bemanningsplanen skal vedtakast av fakultetsstyret 8. desember. Instituttet vonar at den nye modellen for 100-nivåstudiet på fransk, spansk og tysk vil gje oss fleire studiepoeng og dermed grunnlag for fleire stillingar på sikt.

Sak 5 – Retningslinjer for masterrettleiing ved IF

Johannessen foreslo å spesifisera tilbakemeldingstida frå rettleiar til student, og det var brei oppslutning i møtet om å setja denne til «normalt ei veke» (rettleiar sine oppgåver, punkt 3 om å laga tidsplan). Møtet slutta seg òg til framlegg frå Johannessen om at planen bør ta inn at undervisningskoordinator ved IF er kontaktperson for studentar som opplever utfordringar i rettleiingsforholdet («Utfordringar og løysing av utfordringar»).

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet godkjenner framlegget til retningslinjer for masterrettleiinga ved instituttet, med dei to endringane som kom fram i møtet (dvs. tilbakemelding innan «normalt ei veke» og undervisningskoordinator som kontaktperson når det er utfordringar i rettleiingsforholdet).

Sak 6 – Fagstrategiske planar

Instituttleiar presenterte tanken om fagstrategiske planar for dei enkelte faga. Johannessen reiste spørsmål ved om faga treng slike planar all den tid det er få eller ingen stillingar å fordela. Irgens meinte det var naturleg at initiativet kom frå faga sjølve om det skulle etablerast ei ordning med slike planar, og ho såg uansett behovet som lite på dei små faga.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef